



Fylkesmennene
Kommunane

Postadresse: Postboks 8140 Dep.
NO-0033 Oslo, Norway
Besøksadresse: Stortingsgt. 28

Telefon: +47 24 13 10 00
Telefaks: +47 24 13 10 05
E-post: postmottak@slf.dep.no
Internett: www.slf.dep.no

Kontaktperson: Øystein Jorde (24131034), Johan Kollerud (24131214), Nanna Bergan (24131029)

Org.nr.: NO 981 544 315 MVA
Bankkonto: 7694 05 02280

Vår dato: 12.07.2007

Vår referanse: 200700001-34/046.1

Rundskrivet erstatter: Rundskriv 35/2006

Vedlegg:

Kopi til: Landbruks- og matdepartementet
Norges Bondelag
Norsk bonde- og småbrukarlag
Kvalitetssystem i Landbruket
Landbrukets forsøksringer

Kommentarar til forskrift om miljøplan og retningslinjer for kontroll

1. Innleiing

Dette rundskrivet er ei revidert utgåve av rundskriv 35/2006. I rundskriv 47/2005 vart det presisert at alle føretak skal ha miljøplan, også føretak som ikkje disponerer areal. Desse føretaka vil òg få avgrensing i produksjonstilskotet dersom miljøplanen manglar. I rundskriv 35/2006 vart det teke inn at føretak med stor husdyrproduksjon kan få redusert produksjonstilskotet etter berekna spreieareal, dersom dette er større enn det arealet føretaket faktisk disponerar. I år er det teke inn eit avsnitt 3.8 om dispensasjon. Dette representerar ikkje noko nytt, berre ei kommentering av regelverket.

Krav om miljøplan vart innført ved forskrift fastsett 15.01.2003. Forskrift om miljøplan gjeld alle føretak som mottok produksjonstilskot. Frå og med 2004 vart det innført avgrensing i produksjonstilskot i jordbruket for føretak som ikkje har miljøplan. Satsane for avgrensing er fastsette i jordbruksavtala for 2007/2008.

I dette rundskrivet vert det gjeve retningslinjer om kva som vert kravd for at det skal vere ein godkjend miljøplan, når miljøplanen skal ligge føre og korleis kontroll skal gjennomførast.

Landbruksdepartementet fastsette 4. juni 2004 revidert forskrift om miljøplan. Føremålet med endringa var å tydeleggjere i forskrifta at kravet om miljøplan er eit løpande krav, dvs at arbeidet med miljøplan skal gå føre seg kontinuerleg. Dette betyr at kart, gjødslingsplan, sprøytejournal og dokumentasjon på gjennomføring av tiltak skal vere oppdaterte til ei kvar tid. Sjekkliste og tiltaksplan skal vere ferdig innan 15. november det einskilde år.

Kravet om miljøplan er knytt til produksjonstilskotet, jf. § 2 i forskrift om miljøplan. Av formelle omsyn og for å få ei mest mogeleg effektiv forvaltning, er det mest føremålstenleg at opplegget rundt kontroll og annan forvaltning av miljøplan, er mest mogleg samordna med produksjonstilskot.

I det vidare vil nemninga miljøplan verte brukt om miljøplan trinn 1. Trinn 2 i miljøplan skal ta for seg spesielle miljøsatsingar på det einskilde føretak, og vert ikkje handsama her. Ved søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak ("SMIL-tiltak") er trinn 2 eit krav, og det vil vera opp til kommunen og vurdere om miljøplan trinn 2 er tilfredsstillande.

Regionale miljøprogramtilskot vart innførde i alle fylke frå 2005. Det er ein føresetnad at dei som mottek tilskot etter regionale miljøprogram er rettkome tilskot etter forskrift om produksjonstilskot i jordbruket eller er organisert som beitelag. Sidan forskrift om miljøplan omfattar alle som søker om produksjonstilskot, vil den difor òg omfatte alle som søker tilskot etter regionale miljøprogram, med unntak av beitelaga. Reduksjon for ikkje å ha miljøplan skjer i samanheng med produksjonstilskotet. I enkelte fylke har Fylkesmannen sett krav om miljøplan for at føretaket skal vere rettkome tilskot etter regionale miljøprogram.

2. Når skal miljøplanen liggje føre

Revidert forskrift om miljøplan, fastsett 4. juni 2004, § 4, andre ledd lyder slik : *"Miljøplan trinn 1 med kart, gjødslingsplan, sprøytejournal og dokumentasjon på gjennomføring av tiltak skal foreligge oppdatert til en hver tid. Sjekkliste og tiltaksplan skal foreligge innen 15. november hvert år."* Dette synleggjer at delar av miljøplanen skal haldast oppdatert til ei kvar tid. Samtidig skal det gjerast ei oppsummering for året innan 15. november, i samband med utfylling av sjekklista.

I praksis betyr dette at kartet skal vere oppdatert kvar vår, før vekstsesongen startar. Det betyr også at kartet skal oppdaterast om det vert endringar i jordvegen undervegs i vekstsesongen. Gjødslingsplan skal liggje føre før vekstsesongen startar. Sprøytejournal skal førast etterkvart som sprøytinga skjer. Dokumentasjonen på gjennomføring av tiltak skal òg oppdaterast etterkvart som arbeidet vert utført.

Sjekkliste skal liggje føre innan 15. november kvart år. Då skal òg ein eventuell plan for gjennomføring av tiltak vere klar.

3. Innhald i miljøplanen

Med utgangspunkt i forskrifta, er det nedanfor gjeve nærare retningslinjer for forvaltninga sitt arbeid med oppfølging og kontroll.

I forskrift om miljøplan, under § 4 om vilkår, er følgjande bestemt:

"Miljøplan trinn 1 skal inneholde:

1. Kart over jordbruksarealene foretaket til enhver tid disponerer, samt andre arealer som foretaket

- disponerer eller som er av betydning for eller som er påvirket av jordbruksdriften. Kulturminner, områder som er viktige for biologisk mangfold, arealer med risiko for tap av jord og næringsstoffer og andre forhold av miljømessig betydning, skal være kartfestet og beskrevet.*
2. *Gjødslingsplan og sprøytejournal for de foretak som er underlagt krav om dette i særfor skrifter.*
 3. *Sjekkliste fastsatt av Statens landbruksforvaltning som dokumenterer miljømessige forhold knyttet til jordbruksdriften. Skjemaet skal være utfyllt i samsvar med de faktiske forhold som gjelder denne driften.*
 4. *Plan med frist for gjennomføring av nødvendige tiltak dersom det er avdekket manglende ivaretagelse av miljøhensyn ved utfylling av sjekkliste.*
 5. *Dokumentasjon på gjennomføring av tiltak.”*

Ein komplett miljøplan skal difor innehalda desse delane:

- Kart
- Gjødslingsplan
- Sprøytejournal (for dei føretaka der det er aktuelt)
- Sjekkliste
- Tiltaksplan
- Dokumentasjon på gjennomføring av tiltak

3.1 Kart

Det skal vere kart over jordbruksareal som *føretaket disponerer* i vekstsesongen. Dette gjeld både eige, forpakta og leigd areal, inklusive eventuelt areal som er mellombels ute av drift, jf forskrift og rettleiing til søknad om produksjonstilskot.

Areal som vert disponerte til skogbruksformål, utmarksnæring eller annan næringsverksemd er ikkje omfatta av kartkravet.

Minstekravet til kart er ein papirkopi av økonomisk kartverk (ØK) i målestokk 1:5000. Dersom miljøplan og kart ligg føre på elektronisk format, er det ikkje krav om papirkopi av kart. På kartet skal det, i tillegg til jordbruksareal, merkast av tun, kantvegetasjon, restareal og vatn på eller i nærleiken av jordbruksdrifta. Tilstøytande utmarksareal som vert nytta til beiting, skal òg merkast av på kartet. Anna utmarksareal som vert nytta til beiting, er ikkje omfatta av kravet til kart i denne samanhengen.

Kulturminne, område som er viktige for biologisk mangfald, areal med risiko for tap av jord og næringsstoff og eventuelle andre tilhøve som tyder noko for miljøet, skal òg vere avmerkte på kartet. Føretak som ikkje disponerer jordbruksareal, skal òg ha kart. På dette kartet skal det merkast av plasseringa av driftsbygningen og andre relevante opplysningar om miljøtilhøve knytt til arealet som føretaket disponerer (tomta og ev. kringliggjande areal).

Dersom kart manglar i sin heilskap, skal ikkje miljøplanen godkjennast. Manglar kartet for viktige delar av det arealet føretaket disponerer, kan dette vere grunn til ikkje å godkjenne miljøplanen. Det same gjeld dersom kartmaterialet systematisk manglar registrering av viktige miljøtilhøve.

Karta skal vere oppdaterte til ei kvar tid. I praksis vil dette seie at det må føreliggje oppdaterte kart for alt aktuelt areal før vekstsesongen om våren. Kartdokumentasjonen skal vere oppdatert dersom areal har kome til eller falle frå i løpet av vekstsesongen.

3.2 Gjødslingsplan og sprøytejournal

Det skal liggje føre gjødslingsplan for alt areal som føretaket disponerar, som ein del av miljøplandokumentasjonen. Gjødslingsplanen skal vere utarbeidd før vekstsesongen tek til. Krava til gjødslingsplan er fastsette i forskrift om gjødslingsplanlegging, som skal leggjast til grunn når gjødslingsplanen skal godkjennast.

For dei føretaka det er aktuelt, skal det som ein del av miljøplandokumentasjonen liggje føre sprøytejournal. Krava til sprøytejournalen er fastsette i forskrifta om plantevernmiddel, som skal leggjast til grunn når sprøytejournalen skal godkjennast. Sprøytejournalen skal oppdaterast etterkvart som sprøyting vert gjennomført.

Dersom miljøplandokumentasjonen manglar gjødslingsplan eller sprøytejournal (i dei tilfella det er aktuelt), skal ikkje miljøplanen godkjennast

3.3 Sjekklista

Til miljøplan høyrer sjekkliste som skal vera utfylt innan 15. november kvart år. Sjekklista skal i størst mogleg grad vere korrekt utfylt i samsvar med dei faktiske tilhøva på føretaket. I sjekklista skal det vere markert for eitt alternativ for alle relevante punkt. Sjekklista skal dokumentere at det er gjort ein gjennomgang av viktige miljøtilhøve knytte til drifta. Ved kontrollen skal det sjåast etter at sjekklista er utfylt.

Dersom utfylt sjekkliste manglar eller dersom utfyllinga ikkje dokumenterer at det er gjort ein gjennomgang av viktige miljøtilhøve, kan ikkje miljøplanen godkjennast.

3.4 Tiltaksplan

Dersom sjekklista viser at viktige miljøtilhøve ikkje er ivaretekne, skal eigaren av føretaket ha ein plan for gjennomføring av nødvendige tiltak. Tiltaksplanen skal liggje føre 15. november saman med sjekklista, som ein del av miljøplanen. Planen skal omfatte dei viktigaste tiltaka med realistiske gjennomføringsfristar.

Om det er funne manglar ved utfylling av sjekklista utan at det føreligg ein tiltaksplan for viktige, mangelfulle tilhøve, kan dette vere grunn til ikkje å godkjenne miljøplanen.

3.5 Dokumentasjon på gjennomføring av tiltak

Dokumentasjon skal vise at nødvendige tiltak er gjennomførde i samsvar med tiltaksplanen. Det er tilstrekkeleg at det vert markert i tiltaksplanen at tiltaket er gjennomført, og at det vert ført på dato for når arbeidet er fullført. Om det ligg føre annan dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført, kan denne leggjast ved. Døme på dokumentasjon er gjeve i rettleiingsheftet for miljøplan.

Dersom gjennomføring av tiltak sette opp i tiltaksplanen ikkje er tilfredsstillande dokumentert, bør det aleine ikkje vere grunn til ikkje å godkjenne miljøplanen. Men det bør vere med i heilskapsvurderinga av miljøplanen, og kan saman med andre manglar vere grunn til at miljøplanen ikkje kan godkjennast. Det skal vanlegvis ikkje utførast fysisk kontroll av at dokumentasjonen er korrekt. Det er berre sjølve dokumentasjonen som skal kontrollerast.

3.6 Heilskapsvurdering

Ein komplett miljøplan skal ha alle delar slik det er bestemt i forskrifta. Ein tilfredsstillande miljøplandokumentasjon skal omfatte kart, gjødslingsplan, sprøytejournal og sjekklister. I tillegg kjem eventuell tiltaksplan og dokumentasjon på gjennomføring av tiltak for dei føretaka dette er aktuelt. Eit eventuelt vedtak om ikkje å godkjenne miljøplanen, må gjerast på grunnlag av ei heilskapeleg vurdering. Dersom det ikkje ligg føre kartdokumentasjon eller dersom det manglar gjødslingsplan eller sprøytejournal, skal miljøplanen ikkje godkjennast.

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle gje dispensasjon frå det som er bestemt i forskrifta, jf § 6.

3.7 Vedtak

Det er kommunen som må gjere vedtak, dersom den finn at miljøplanen ikkje kan godkjennast. Eit slikt vedtak vil vere eit enkeltvedtak, og det skal då opplysast om klagerett, jf. forvaltningslova. All sakshandsaming i samband med kontroll av miljøplan bør vere avslutta, slik at det endelege vedtaket kan setjast i verk i samband med utbetalinga av produksjonstilskot, som skjer i fyrste halvdel av februar året etter. For nærare omtale av rutinar og fristar vedrørende utbetaling av produksjonstilskot, vert det vist til rundskriv 28/2007 frå Statens landbruksforvaltning.

3.8 Dispensasjon

Fylkesmannen kan i særlege tilfeller dispensere frå reglane i forskrifta, jf. § 6 i forskrift om miljøplan. Dispensasjonen kan berre gjevast i særlege tilfelle. Sjukdom som gjere det vanskeleg å få ferdigstilt miljøplan, eller halde miljøplanen oppdatert, må tilleggjast vekt ved handsaming av søknadar om dispensasjon.

Ved handsaming av søknadar om dispensasjon, skal det gjerast ei vurdering av kvart enkelt av dei ulike elementa i miljøplanen, før det ev. vert gjeve dispensasjon frå heile miljøplanen.

4. Kontroll

4.1 Prinsipp for kontrollen

Formålet med kontroll er å sjå til at føretaket har ein miljøplan, og at det er gjeve rett opplysning om dette på søknadsskjemaet for produksjonstilskot.

Grunnlaget for å kunne kontrollere om føretaket har miljøplan, er at søkeren har kryssa av i særskilt rubrikk for dette på skjemaet for søknad om produksjonstilskot. Er det kryssa av for at føretaket ikkje har miljøplan, skal det skje ein reduksjon for manglande miljøplan etter fastlagde satsar, som skjer i den maskinelle berekninga av produksjonstilskotet. Dette er ein skjematisk reduksjon, fastsett i jordbruksoppgjæret, på line med botnfrådrag og pensjonistavgrensing. Ein eventuelt reduksjon i produksjonstilskotet skal gjelde det året (søknadsomgangen) som miljøplanen manglar. I praksis må difor ein eventuell reduksjon i produksjonstilskotet skje ved utbetalinga i februar året etter. Det er viktig å merka seg at på lik line med botnfrådrag og pensjonistavgrensing er den skjematisk reduksjonen for manglande miljøplan å rekna som ein "negativ" sats, og ikkje som ein sanksjon i høve til brot på regelverket for produksjonstilskot.

Heimelen for gjennomføring av kontrolltiltak ligg i forskrift om miljøplan § 5. Eventuell påfølgjande avkorting, som følgje av at det er oppgjeve feil opplysningar i søknadsskjemaet, må skje med heimel i § 13 i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket.¹

Dersom kontrollen avdekkjer at det er gjeve feil opplysningar om miljøplan på søknadsskjemaet for produksjonstilskot, skal det vurderast om produksjonstilskotet skal avkortast utover den skjematisk reduksjonen. Dette er det opp til kommunen å avgjere, jf § 10 i forskrifta om produksjonstilskot i jordbruket. For nærare informasjon om avkorting, vert det synt til rundskriv 27/2007 frå Statens landbruksforvaltning. Storleiken av avkortinga skal stå i høve til "skuldgraden". Dette betyr at i tilfelle der det føreligg miljøplandokumentasjon, men denne er mangelfull, må det vurderast om den skjematisk avgrensinga er tilstrekkeleg eller om det i tillegg skal gjerast ei avkorting. I tilfelle der det er markert på søknaden at føretaket har miljøplan, men kontroll avdekkjer at denne opplysninga er gjeven i strid med det faktiske tilhøvet, er det naturleg å vurdere avkorting av produksjonstilskotet.

Storleiken av avkortinga skal sjåast i høve til det beløpet som urettvist kunne vorte utbetalt.

Ved kontroll etter forskrift om miljøplan, skal det sjåast etter om dokumentasjonen er på plass. Dersom jordbruksdrifta er driven i strid med miljøkrav fastsett i anna regelverk, kan ikkje slike tilhøve medføre avkorting etter forskrift om miljøplan - så lenge dokumentasjonen (miljøplanen) er i orden. I slike tilfelle må sanksjonering vurderast på bakgrunn av føresegnene i det aktuelle regelverket som er brote. Slike tilfelle bør rapporterast, og følgjast opp av aktuell myndighet.

Den fysiske kontrollen bør i hovudsak vere ein del av stikkprøvekontrollen for produksjonstilskot, etter søknadsomgangen i august. Etter 15. november kan kommunen gjennomføre nye kontrollar, enten kontrollere på nytt dei føretaka som vart kontrollerte ved stikkprøvekontrollen, eller den kan velje andre føretak som har søkt om produksjonstilskot. Kommunen kan då bestemme fritt kva føretak som skal kontrollerast. Kommunen kan òg velje å gjennomføre kontrollar til andre tider i vekstsesongen, om den ynskjer det.

¹ I § 13 er bestemt: "Dersom foretaket uaktsomt eller forsettlig har gitt feil opplysninger i søknaden som har eller ville dannet grunnlag for en urettmessig utbetaling av tilskuddet, kan hele eller deler av produksjonstilskuddet som tilfaller foretaket avkortes."

All sakshandsaming i samband med kontroll av miljøplan bør vere avslutta, slik at det endelege vedtaket kan setjast i verk i samband med utbetalinga av produksjonstilskot som skjer i fyrste halvdel av februar året etter. For nærare omtale av rutinar og fristar vedrørende utbetaling av produksjonstilskot, vert det synt til rundskriv 28/2007 frå Statens Landbruksforvaltning.

4.2 Samdrifter, felleisleige og felleibeite

Samdrifter er å rekne som eigne føretak som søker om produksjonstilskot, og som difor skal ha eigen miljøplan. Denne skal omfatte alt areal som samdrifta disponerar. Driv medlemmane produksjonar utanom samdrifta, skal det vere ein miljøplan også for denne drifta. I slike tilfelle er det viktig at miljøplandokumentasjon for føretaket/føretaka knytt til samdrifta vert sett i samanheng med miljøplanen for samdrifta.

Der fleire føretak leiger areal saman, kan dei velje om dei vil ha ein felles miljøplan for arealet, eller om dei vil ha ein miljøplan kvar for seg. Dersom dei vel å ha miljøplan kvar for seg, skal det markerast tydeleg på kartet kva for delar av arealet dei ulike disponerer og svarar for. Dette må samsvare med arealet som vert gjeve opp i søknaden om produksjonstilskot. Dersom dei vel å ha ein felles miljøplan for heile arealet, må alle deltakarane ha tilgang til miljøplanen, og alle skal ha reduksjon i produksjonstilskotet om miljøplanen manglar eller ikkje kan godkjennast. Dette vil gjelde uavhengig av om det er tale om ev. driftsfellesskap.

Ved felleibeitedrift kan eigarane velje om det skal vere ein særskilt miljøplan for felleibeitet eller om kvart medlem skal ha miljøplandokumentasjon for sin del av felleibeitet. Dersom det er ein felles miljøplan for felleibeitet, er det viktig at denne vert sett i samanheng med miljøplanane på dei enkelte medlemsføretaka. Alle medlemmane i felleibeite må ha tilgang til denne. Dersom den felles miljøplanen for felleibeite ikkje kan godkjennast, skal det gjerast reduksjon, eventuelt avkorting, i produksjonstilskotet for alle medlemmane.

5. Føretak utan areal

I § 2 i forskrifta om miljøplan heiter det at forskrifta gjeld alle føretak som mottek produksjonstilskot. Dette betyr at òg dei føretaka som ikkje disponerer areal, skal ha miljøplan. Dette gjeld i fyrste rekkje samdrifter der areala ikkje er med i samdrifta og i nokre tilfelle føretak som driv kraftfôrkevjangande husdyrproduksjonar. Slike føretak skal ha dei delane av miljøplanen som er relevant, dvs kart og sjekklister, med tilhøyrande tiltaksplan. I tillegg skal dei ha ein plan for handtering av husdyrgjødsel, inklusive avtale med mottakar av gjødsel.

For dei føretaka som ikkje har miljøplan og som ikkje disponerer areal, skal avgrensinga fastsetjast ut frå det spreiearealet føretaket minimum må ha for spreieing av husdyrgjødsel. Det same gjeld dersom føretaket disponerar mindre areal enn det som vert kravd som minimum spreieareal. Dette er nærare omtalt i rundskriv 28/2007 frå Statens landbruksforvaltning.

6. Avgrensing

Avgrensing av produksjonstilskotet vert gjort automatisk etter dei fastsette satsane, når det er oppgjeve at føretaket ikkje har miljøplan. Det er det totale arealet som føretaket disponerar som vert lagt til grunn. I dei tilfella der kommunen finn at føretaket har mindre areal enn utrekna spreieareal etter tal husdyr, skal det utrekna spreiearealet leggjast til grunn for reduksjonen. I desse tilfella må søknaden stoppast for utbetaling, og tilskotet må utbetalast med korrekt reduksjon i den manuelle utbetalinga.

Med helsing
for Statens landbruksforvaltning

Turid Vollmo
fung. seksjonssjef

Øystein Jorde
rådgjevar